

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 12.11.2014

ORIENTERINGAR

Hordalandsdiagonalen og Hardangertunnelen.

Kvam herad v/ordførar Asbjørn Tolo og Helge Hopen orienterte om forprosjektet Hordalandsdiagonalen og Hardangertunnelen – regional moglegheit for Hordaland. Det vart synt analysar som er gjort om effektane av ein mogeleg Hardangertunnel og vidare utvikling av vegnettet i tilknytning til denne.

Asfaltprogrammet

Statens vegvesen v/Harald Arne Midtun orienterte om tilstand og skader på asfaltdekke, marknadssituasjonen og prisar og prisdrivande faktorar. Vidare vart det synt kor stort etterslepet er på denne sektoren.

Flaumen 28.-29. oktober 2014

Olav Finne orienterte om skadane etter flaumen. Totale skader på fylkesvegnettet vert omlag 4 mill kr. På riksvegnettet vert skadeomfanget på minst 8 mill kr.

Nytt frå Skyss

Oddmund Sylta orienterte om fylgjande.

- Billettkontroll, gjennomføring og oppfylgjing. Per 3. kvartal 2014 var det 2,1% snikandel.
- Storkontroll i Eidsvåg 5. november,- gjennomføring og resultat.
- Test på stenging av bakdører i veke 47 for å måla om dette påverkar snikandelen, og om det eventuelt påverkar rutetidene.
- Endring av mobilbillett ved å innføra 2 min forsenking ved kjøp av billett,- iverksetjing frå nyttår.
- Feilmeldingsrutinar og utbetring av feil på billettutstyr.
- Kampanje «Ta hensyn – reis smidig» har gjeve gode resultat.
- Ferjesituasjonen i Fensfjorden. «Melderskin» har hatt ein del problem og for tida går «Gloppen» der. Det ligg føre tilbod frå operatøren om å setja inn «Bjørnefjord» i sambandet, men denne vil samstundes vera reserveferje i sambandet Lavik-Oppedal. Saka vert drøfta med Norled.
- Melding om status for Reklamesaka skulle vore lagt fram til møte i dag, men uheldige omstende medførte at det ikkje let seg gjera. Meldinga vart delt ut på møte.

YMSE

Pål Kårbø ba om at utvalet får ei orientering om nye energiberarar på båt-ferjesektoren.

Anne-Line Innvær stilte spørsmål om framdrifta på saka om ny sonestruktur og gav uttrykk for at det er ynskjeleg at saka kjem opp i denne valperioden.

Håkon Rasmussen opplyste om at saka kjem opp i løpet av neste år.

Gustav Bahus stilte spørsmål om status for hydrogenfyllestasjonar og om kva som vert gjort på leverandørsida.

Iril Schau Johansen stilte fylgjande spørsmål.

Mange born nyttar Ringheimsvegen samstundes med at den er tungt trafikert, noko som skapar farleg situasjonar. Kan det etablerast fotgjengarfelt.

Administrasjonen kjem tilbake til dette.

Eli Berland stilte fylgjande spørsmål.

Ber om at ein vurderar fartsdempande tiltak i Arefjordsvegen. Gjeld på strekninga frå Arefjord til kryss mot Brattholmen. Denne strekninga har ikkje gong/sykkelsti.

Administrasjonen kjem tilbake til dette.

Arild Borgen tok opp følgjande.

Uro i driftsselskapet for Bybanen

Pressa har hatt oppslag om kritikkverdige forhold for dei tilsette i driftsselskapet for Bybanen.

- a) Kan forholda som vart avdekkja gje fare for usikker drift og auka risiko for ulykker?
- b) Vil administrasjonen informere SAMU i eiga sak om problema som har vore omtalte?

Oddmund Sylta opplyste om at det er ikkje er kritikkverdige tilhøve ved drifta av bybana som aukar risikoen for ulukker.

Administrasjonen vil koma attende med ei melding om driftstilhøva ved bybana.

Arild Borgen opplyste at sjåførar har teke opp med han at dei stiller seg undrande til at ruter vert køyrt med for store bussar og at ruter som ikkje har passasjerar vert utført.

Oddmund Sylta orienterte kort om dei kontraktuelle tilhøva mellom Skyss og operatørane som regulerar ruteproduksjonen.

Jostein Ljones synte til at det er mykje gongaktivitet av skuleborn ved Opedal skule. Mange må kryssa Rv13 utan at det er tilrettelagt med fotgjengarovergang. Ba om det dette vert vurdert.

Spørsmålet vert sendt over til Statens vegvesen som ansvarleg for riksvegane.